



Møteprotokoll Valstyret

Møtedato: 14.09.2021
Møtestad: Austrheim kommunehus - møterom Børilden
Møtetid: 17:00 - 18:15

(Møteprotokollen frå dette møtet vart teke og godkjent i same møte)

Frammøtte medlemmer	Rolle
Per Lerøy	Utvalsleiar
Inger Lise Brekke	Nestleiar
Morten Sognnes	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø og Ketil Tjore

Austrheim 14. september 2021

Per Lerøy
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
017/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/21	Godkjenning av møteprotokoll
019/21	Endeleg teljing og møteprotokoll for valstyret

017/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

14.09.2021 VALSTYRET

Handsaming i valstyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

VS - 017/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

018/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

14.09.2021 VALSTYRET

Det var to protokollar til godkjenning, frå valstyret 26.08.21 og frå valstyret 13.09.21. I den siste skal det førast på ein deltakar til, Thomas Lindås frå administrasjonen.

Handsaming i utvalet.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

VS - 018/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå valstyret 26.08.21 og frå valstyret 13.09.21 vart godkjent.

019/21: Endeleg teljing og møteprotokoll for valstyret

Rådmannen sitt framlegg:

Oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer vert godkjent.
Møteprotokollen for valstyret vert godkjent og signert.

14.09.2021 VALSTYRET

Det var ei røyst i utlandskonvolutt, med søknad om å bli ført i manntalet. Vedkommande hadde siste bustad i Norge i Austrheim. Valstyret godkjende at vedkommande kunne manntalsførast og få røysta. Det var 58 konvoluttar med seint innkomne førehandsrøyster. Desse vart opna og dei brune røystekonvoluttane samla og stokka, deretter vart desse opna og røystesetlane sjekka for stempel. Ein mangla stempel, den vart stempla, jamfør regelverket. Røystesetlane vart partifordelte og talde to gonger, og det samla talet (59) var likt tal konvoluttar (58 + 1 utlandskonvolutt). Røystesetlane vart tekne med for skanning i EVA skann, og rapporterte. Møtebok for valstyret vart skrive ut og signert (mal frå Valdirektoratet). Handsaming i valstyret:
Oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer vert godkjent.
Møtebok for valstyret vert godkjent og signert.

VS - 019/21 VEDTAK:

Oppteljinga av seint innkomne førehandsstemmer vart godkjent.
Møtebok for valstyret vart godkjent og signert.
